




«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Søndre Kaastad Sørsmål, 5557 2304

Høring av søknad etter forureiningslova frå Statens vegvesen for tiltak i sjø i Stekervika Øygarden kommune - ny Rv. 555, Sotrasambandet. Ber om uttale innan 26. april 2024

Sotrasambandet er delt opp i 11 delstrekningar (A1 til A11) og omfattar ca. 9,4 km firefeltsveg frå Storavatnet i Bergen til Kolltveit i Øygarden kommune. Ca. 4,6 km av prosjektet går i tunnel, fordelt på fire tunnelar; A2 Kolltveittunnelen, A4 Straumetunnelen, A6 Knarrvikatunnelen og A10 Drotningsviktunnelen. Prosjektet inkluderer en ny firefelts bru på ca. 900 m (A8), med separat gang og sykkelveg. Tre mindre bruer inngår også i prosjektet (over Bildøystraumen, Straumssundet og Arefjordpollen). Det nye vegsystemet får egne felt og rampar for kollektivtrafikk og gang- og sykkeltrafikk. Anleggsarbeida startar hausten 2022 og prosjektet skal opne for trafikk i 2027, byggetid fem år.



Figur 1 Oversikt over delstrekningar i Sotrasambandet, ny Rv. 555

Denne høringa omfattar søknad om tiltak i sjø i Stekervika i Øygarden kommune. Dei andre delane av Sotrasambandet vil bli send på høring når søknadene vert mottekne.

På Sotrasambandet sin prosjektside ligger informasjon om prosjektet med bl.a. animasjonsvideo som viser korleis anlegget vil bli sjåande ut:

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/sotraberger/>.



Om tiltaket

Høyringa består av følgende søknad:

- A5: Søknad om tiltak i sjø, Stekervika. Sotra Link 16. februar 2024¹

Nedanfor er eit kort samandrag av søknaden og planlagde tiltak:

A5 Tiltak i sjø – Stekervika

Som del av Sotrasambandet og ny Rv. 555 skal det byggast ny sykkelveg og ein tilførselsveg ved Arefjordpollen. Vegen fører til behov for utfylling på land og utfylling i sjø ved Stekervika. Stekervika ligger ved Lillesotra, Øygarden Kommune, sjå figur 1



Figur 1. Oversikt over Lillesotra, Knarrvika, Straume og Rosa rute viser Stekervika slik det er i dag, før utbygging av Rv.555.

Det er ikkje planlagt mudring, sprenging, peling, eller dumping i sjø, berre utfylling ved massefortrenging. Totalt ca. 119 603 m³ fyllmassar i sjø.

¹ Stekervika Søknad om tiltak i sjø, 16. februar 2024. Sotra Link CJV – Dokumentnummer: SB-SY-APP-05-ENV-000002



Stekervika ligger i Arefjordpollen som er del av vassførekomsten 0261010600-C Kobbaleia i Byfjordsystemet. Det renn og ein bekk som munnar ut i Stekervika, vassførekomst ID 057-38-R. Skildring av vassførekomstane er gitt i søknaden, side 17.



Figur 2. Fotavtrykk for utfylling i Stekervika, markert med raud sirkel. Brunt område er forventa massefortrenging.

Utfyllinga vil bli utført med overskotsmassar frå Straumetunnelen. Det kan og vere aktuelt med sprengstein frå dagsonearbeider frå ulike områder i vegtraseen.

Stekervika er forureina av miljøgifter i tilstandsklasse 3 og 4 (moderat og dårleg). Pyren = tilstandsklasse 3, benzo[ghi]perylen, indeno[123cd]pyren og TBT = klasse 4. Analyseresultata viser og at sedimenta har høgt organisk innhald. Sedimenta utgjer difor ein risiko for organismar. Ved utfylling av massar i sjø vil det vere ein risiko for spreiring av partiklar og miljøgifter.

Tiltaksområdet skal skjermast med dobbel siltgardin så lenge det pågår massefortrenging/utfylling som kan føre til spreiring av partiklar. Det er og planlagt å gjennomføre tiltak for å fjerne fiskevandringshindre mellom Stekervika og bekken frå Stovevatnet. Det skal etablerast eit gyteområde for sjøaure, og det skal leggest til rette for fiskevandring i nedre delar av Stekervika. Søkjer anbefaler og å etablere ålegraseng i flate og grunne områder i Stekervika kor det planleggast utfylling i sjø som eit avbøtande tiltak.

Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålarar med ein føreslått grenseverdi på 10 FTU/NTU over referanseverdi.

Start av arbeida er planlagt med oppstart i starten av 2024, med ein varigheit på 10-12 månader.

**Ber om eventuelle uttaler innan 26. april 2024**

Statsforvaltaren sender søknad om løyve etter forureiningslova for tiltak i sjø i Stekervika på høyring til offentlege instansar, miljøvernorganisasjonar og interesselag.

Statsforvaltaren ber om uttale til vedlagte søknadar seinast innan 26. april 2024. Uttaler kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer **2022/16836**.

Høyringa er og gjort tilgjengelege på Statsforvaltarens heimeside:
<https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Søknad om tiltak i sjø-Stekervika.pdf

Kopi til:

Sotra Link Construction JV ANS
STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Mottakerliste:

ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN
SOTRA OG ØYGARDEN JEGER OG FISKARFORENING	Postboks 279	5353	STRAUME
STIFTELSEN MUSEUM VEST	Lyngneset 4A	5302	STRUSSHAMN
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
BIRDLIFE NORGE AVD. HORDALAND	Nipedalen 95	5164	LAKSEVÅG
BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN	Byrådsavdeling - BFNE 4. etasje Allehelgens gate 5	5016	BERGEN
SØR-NORGES FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND